



EIDE BYGG & ANLEGG AS
Raglamyrvegen 22
NO 5536 HAUGESUND

Manglande opplysningar – varsel om avslag på søknad

Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 23 bnr 2 - Meland - Havnevegen 59 - Frekhaug - oppføring av modulbasert skolepaviljong

Vi viser til søknaden av 02.05.2019 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå fra ansvarleg søkjar Eide Bygg & Anlegg AS på vegne av tiltakshavar Meland kommune.

Arbeidstilsynet har mottatt følgande:

- Epost med oversending av søknad om samtykke, mottatt 02.05.2019
- Oversendingsbrev med søknad om samtykke, datert 02.05.2019
- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke, datert 17.04.2019
- Kopi av «søknad om tillatelse til tiltak», datert 30.04.2019
- Situasjonsplan, datert 02.05.2019
- Plan- og 3D teikning, teikning nr. 1919, datert 12.04.2019
- Beskriving av aktuelle arbeidsmiljøfaktorar, datert 02.05.2019
- Uttale frå tilsette, verneombod og AMU, datert 12.04.2019
- Sjekkliste for inneklimate, datert 30.04.2019

Søknad om samtykke gjeld oppføring av modulbygg ved Meland ungdomsskule. Modulane er planlagt samansett av 24 element over to plan og skal innehalde klasse- og grupperom. I tillegg er det toalett for elevar og tilsette.

Det framgår ikkje av søknaden om det er ei permanent løysing eller om det kun er midlertidig i påvente av ev. nytt permanent bygg.

Av arbeidsplassforskrifta § 2-8 går det fram at det er krav til romhøgde i arbeidsrom. Vi kan ikkje sjå at det er vedlagt snitteikning som syner romhøgda i tiltaket.



Av arbeidsplassforskrifta § 2-10 går det fram at den enkelte arbeidsplass skal ha dagslys og utsyn. Det er ikkje lagt ved søknaden fasadeteikning som syner tiltaket sine fasadar.

Av arbeidsplassforskrifta § 3-7 går det fram at det skal være et åtskilde toalett for kvinner og menn. Det skal heller ikkje være sambruk mellom tilsette sine toalett og elevar, kundar, pasientar o.l. Det går ikkje fram av søknaden kva som er personaltoalett og kva som er elevtoalett.

Manglande opplysningar

Ein søknad om samtykke til Arbeidstilsynet skal dokumentere at rammene i bygget er utforma slik at sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakarane er tatt vare på både på søknadstidspunktet og i framtida ved at arbeidsplassar og arbeidslokale er lagde til rette og utforma med tanke på arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold.

Før Arbeidstilsynet kan behandle saka ferdig og eventuelt gjere vedtak om samtykke, treng vi desse tilleggsopplysningane:

- Uttale frå tiltakshavar i høve tiltaket, er det midlertidig løysing eller permanent
- Snitt- og fasadeteikning
- Teikning som syner kva som er elevtoalett og kva toalett som er for tilsette
- Beskriving som syner ev. avstand til andre personalfasilitetar som garderobe, pauserom etc.

For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi løyve til å sette i gang byggearbeida før Arbeidstilsynet har gitt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Meland kommune blir med ein kopi av dette brevet gjord merksam på at Arbeidstilsynet ikkje har gitt samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.

Kva må de gjere?

Ei skriftleg tilbakemelding med utgreiing og dokumentasjon for kvart av punkta over må sendast til oss innan 30.06.2019. Dersom vi ikkje innan fristen har fått dei tilleggsopplysningane vi ber om over, vil vi avslå søknaden om samtykke basert på opplysningane i søknaden slik han ligg føre no.

De kan klage

Kravet om ytterlegare opplysningar har heimel i arbeidsmiljølova § 18-5. De kan klage dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi frå dykk desse opplysningane, jf. forvaltningslova § 14. Fristen for å klage er tre dagar frå de får dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette. Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetten ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?



De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksom på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovudsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blankett finst her: www.dibk.no.

Du kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via eDialog. Les mer www.arbeidstilsynet.no/post.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2019/22051 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B. Lægland
tilsynsleder
(sign.)

Rune Joar Ravnestad
seniorrådgiver
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
MELAND KOMMUNE

Postboks 79 5906 FREKHAUG